




Kvinnherad kommune

Rådmannen
Kommunalteknikk



Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

facebook.com/kvinnherad

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900

5020 Bergen



Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Ivar Kåre Døssland	53483255	2015/3173-2		12.11.2015

Svar på ulike spørsmål - fylkesvegar i Kvinnherad

Viser til Dykkar brev dagsett 26.10.2015 pkt. 1).

Kvinnherad kommune er no klar for oppstart med prosjekt: Fv – 44 Bogsnes – Trafikksikring.

Som dokumentasjon for dette legg vi ved tildelingsbrev til entreprenørfirma: Brødrene Musland Maskin AS som skal utføra anleggsarbeidet.

Vi reknar det som mykje sansynleg at vi vil vera godt i gong med anleggsarbeidet i år, og at det ved årsslutt er påløpt utgifter opp mot løyvt sum, kr 500 000.-

Å gjera prosjektet klart for oppstart, har teke mindre tid enn vi rekna med.

Med bakgrunn i dette, er gjerne stoda slik at løyvde midlar for 2015, kr. 500 000.- kan utbetalast, og at ein såleis ikkje treng oppretta ny løyving for 2016 - sjølvsagt hadde vi vore svært takksame for ei løyving då og!

Tilskot skal innbetalast bankgiro: 3460.07.00083 og merkast med: Fv 44 Bogsnes – Trafikksikring.

Vedlegg: Tildelingsbrev til Brødrene Musland Maskin AS.

Med helsing


Ivar Kåre Døssland
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Brødrene Musland Maskin AS
Halsabrotet 90
5463 USKEDALEN

Norconsult AS, Bergen
Postboks 1199 Sentrum, 5811 Bergen
Valkendorfgaten 6, 5012 Bergen
Telefon: 55 37 55 00
Telefax: 55 37 55 01
www.norconsult.no
Bankgiro: 6219 05 51666
Foretaksreg.: NO 962392687 MVA

Dykkar ref:

Vår ref:
5133824-400/03-abj

Dato:
12.11.2015

NY GANG- OG SYKKELVEG LANGS DELER AV FV44, BOGSNES, VARSEL OM VAL AV ENTREPRENØR

Det vert vist til innsendt tilbud.

Kvinnherad Kommune takkar tilbydarane for tilbud. Kommunen varslar med dette at ein har intensjon om å inngå kontrakt med Brødrene Musland AS.

Det kom inn i alt 6 tilbud. Alle tilbydarane var vurdert å vera kvalifisert.

Evalueringa er gjort i samsvar med konkurransegrunnlaget og dei tildelingskriteria som var satt opp i pkt. 7 i tilbudsgrunnlaget

Tildelingskriteriet pris.

Tilrådd tilbydar har i sitt tilbud oppgitt ein sum lik 2.096.080,- pluss mva.
For dette tildelingskriteriet fekk dermed tilrådd tilbydar 10 poeng.


For denne konkurransen hadde Kvinnherad Kommune ingen andre tildelingskriterier enn pris.

Tilrådd tilbydar gav det økonomisk mest fordelaktige tilbudet og fekk totalt 10 poeng

Kvinnherad Kommune vil nytta høve til å takka for den interessa som vart vist ved å gje tilbud, og ynskjer velkommen tilbake som tilbydar ved seinare høve.

Karensperioden med frist for klaging på tildeling vert sett til. 23.11.2015.

Med venleg helsing
Norconsult AS



André Bjørndal